

Søknad om parkeringsløyve for rørslehemma

Du kan søkje kommunen om parkeringsløyve for rørslehemma. Løyvet gjev deg rett til å parkere på offentlig skilta og reservert parkeringsplass utan at du betaler avgift, og utan at du behøver å følgje den lengste fastsette parkeringstida (dersom det ikkje er gitt melding om noko anna). Parkeringsløyvet vert gjeve til bilførar eller passasjer som har særleg behov for å finne parkeringsplass knytt til bustad, arbeid og annan aktivitet.

For å søkje om parkeringsløyve må du:

- Ha legeerklæring som dokumenterer at du ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege deg over lengre avstandar.
- Kunne dokumentere for eit særleg behov for parkeringsløyve ved bustad, arbeid og/eller regelmessig aktivitet t.d. medisinsk behandling.

Handsaming

Ein søknad skal innehalde;

- Ferdig utfylt [søknadsskjema](#)
- Legeerklæring
- Kopi av gyldig førarkort dersom du søker som førar
- Kopi av ID-kort dersom du søker som passasjer
- Bilete i passfotostørrelse

Dette gjeld både for deg som søker for fyrste gang, og for deg som søker på nytt.

Legeerklæringa skal vera utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, samt kor mange meter du er i stand til å gå utan og med hjelpemiddel; og om du bruker krykker, stokk, rullator eller rullestol. Legeerklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Din søknad skal få fram opplysningar som tilseier at du har særleg behov for parkeringsløyve. Det vil seie at du må skildre kvifor det ordinære parkeringstilbodet på dei stadene du ofte besøker ikkje kan nyttast. Ein bør fylle ut søknadsskjemaet nøye slik at sakshandsamar får eit godt bilete av dine behov. Ver gjerne spesifikk i forhold til t.d. kvar det er vanskeleg å parkere, kvifor det er vanskeleg å parkere, kvifor du ikkje kan nytte vanlege plassar etc. Behovet skal knytast til konkrete, reelle situasjonar, ikkje tenkte situasjonar eller situasjonar som berre skjer nokre få gonger.

Kommunen skal innhente dei opplysningane som er naudsynte for å avgjere saka. Deretter blir det gjort eit vedtak. Du vil alltid få ei grunngeving dersom du får avslag. Kommunen skal behandle saka så snart som mogleg.

Klage

Dersom du er misnøgd med vedtaket, kan du klage til kommunen. Grunnge kvifor du meiner at vedtaket bør endrast. Treng du rettleiing, kan du vende deg til kommunen. Dersom kommunen lar vedtaket stå, vert saka sendt vidare til klagenemnda i kommunen/kommunestyret, som avgjer om klagen skal takast til følgje.

Vedlegg:

[Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede](#)



JONDAL
KOMMUNE

Send søknad med vedlegg til:

Koordinerende Eining for Habilitering og Rehabilitering
Vikevollen
Nordbøen 2
5627 Jondal